



Fylkesmannen i Hordaland

Sakhandsamar, innvalstelefon
Gry Walle, 5557 2332

Vår dato
20.02.2015
Dykkar dato
06.02.2015

Vår referanse
2015/2897 443.2
Dykkar referanse

Mjåtveitvens foreining v/Kjetil Tufte
Rosselandsveien 336
5918 FREKHAUG

Løyve - Meland - Fiske etter regnbogeaure i sjø ved Mjåtveiti 100 m – sona til Mjåtveitelva

Fiskeløyve nr 11- 15

Mjåtveitvens foreining v/Kjetil Tufte, får løyve til å fiske etter rømt regnbogeaure i 100 – m sona til Mjåtveitelva på Meland. Løyve er gjeve med heimel i § 13 i lakse- og innlandsfiskelova og vurdert etter naturmangfaldlova.

Vi viser til søknad av 6. februar 2015.

Løyvet gjeld ut 28. februar 2015, og på følgjande vilkår:

- De kan fiske med garn med maskevidde 58 mm eller større
- Garna skal røktast ofte
- Garn skal berre nyttast om det er dokumentert regnbogeaure i osen
- Om det vert fanga forholdsvis lite oppdrettsfisk, og/eller mykje villfisk, må dei ansvarlege for fisket vurdere å stogge det
- Løyvet skal vera med under fisket
- Fisket skal rapporterast til Fylkesmannen innan 15. mars 2015

I samband med stormen Nina rømte det store mengder regnbogeaure i Osterfjorden (62 500 stk). I ettertid er det fiska mykje regnbogeaure i blant anna Meland. Regbogeaure er observert i osen, og tatt ut i Mjåtveitelva.

Fylkesmannen vurderer kunnskapsgrunnlaget som godt nok til å fatte vedtak i denne saka, jf. § 8 i naturmangfaldlova. Bestandssituasjonen for sjøaure og elvemusling i Mjåtveitelva er kjent gjennom undersøkingar av elvemuslingbestanden i elva.

Berre oppdrettsfisk skal avlivast. Det skal nyttast stor maskevidde på garna, dette vil redusere faren for å få sjøaure i garna. Det skal førast tilsyn med garna ofte. Vår vurdering er at tiltaket ikkje vil auke den samla belastninga på bestandane i vassdraget nemneverdig, jf. § 10. Regnbogeauren er ein vårgytar, går den opp i vassdraget for å gyte kan dei øydelegge gropene til sjøaure, og såleis redusere bestanden av sjøaure. Etter vårt syn er ikkje § 9 om føre – var aktuell i denne saka.

§ 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar er vurdert å vera oppfylt. Stor maskevidde er tilpassa for å unngå bifangst av vill laksefisk. Etter vårt syn er ikkje § 11 relevant i denne saka. Tiltaket skal ikkje føre til skade på naturmangfaldet.

Søknaden er godkjent. Er det noko i vedtaket de vil klage på, kan de sende klage til Miljødirektoratet. Klagefristen er tre veker etter at dette brevet er motteke. Ei eventuell klage skal de sende via Fylkesmannen i Hordaland.

Med helsing

Kjell Hegna
seniorrådgjevar

Gry Walle
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:

Miljødirektoratet	Postboks	7485	TRONDHEI
	5672		M
	Sluppen		
Nordhordland lensmannskontor SNO Meland kommune	Postboks 33	5902	ISDALSTØ
	Postboks 79	5906	Frekhaug